

**PROTOKOLL  
FRÅ  
FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Fredag 22. desember 2006 kl 1030 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som telefonmøte.

**Saksliste:**

1. Føretaksmøtet blir konstituert
2. Dagsorden
3. Avhending av fast eigedom

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møtte: Underdirektør Mette Bakkeli

Frå styret møtte: Styreleiar Oddvard Nilsen  
Kari Oftedal Lima  
Gisle Handeland  
Ellen Solheim  
Gunnvor A. Sunde

Frå administrasjonen møtte: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Viseadministrerande direktør Helge Bryne  
Ivar Eriksen

Også til stades: Konsulent Morten Svendsberget

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om helseforetak og deltok ved Siw Ottesen Iversen.

**Sak 1: Føretaksmøtet blir konstituert**

Underdirektør Mette Bakkeli ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Styreleiar Oddvard Nilsen og konsulent Morten Svendsberget vart valde til å underskrive protokollen.

Underdirektør Mette Bakkeli overlet møteleiinga til Oddvard Nilsen.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjend. Føretaksmøtet er lovleg sett.

## Sak 2: Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsende dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjend.

## Sak 3: Avhending av fast eigedom

Føretaksmøtet viste til brev frå Helse Vest RHF dagsett 10. november d.å. vedlagt styrevedtak i Helse Vest RHF i sak 101/06 B, behandla i styremøte 8. november om avhending av fast eigedom tilhøyrande Helse Stavanger HF.

Føretaksmøtet viste vidare til brev frå Helse Vest RHF dagsett 23. oktober d.å. vedlagt styrevedtak i Helse Vest RHF i sak 084/06 B, behandla i styremøte 11. oktober 2006 om avhending av fast eigedom tilhøyrande Helse Bergen HF.

Føretaksmøtet vedtok:

1. Føretaksmøtet godkjenner avhending av eigedommen Brattåsveien 10A og 10B - gnr 21 bnr 1089 i Stavanger kommune under føresetnad av at Helse Stavanger HF kjem i posisjon til å kunne overdra heimelen til eventuell kjøpar av eigedomen.


Salet skal gjennomførast på den måten som gir størst avkastning. Dei frigjorte midlane skal nyttast til investeringar i varige verdiar, svarande til fast eigedom.


2. Føretaksmøtet godkjenner avhending av eigedommane C. Sundtsgate 57, Olav Bjordalsvei 8 og Olav Bjordalsvei 29 i Bergen kommune. Helse Bergen HF skal syte for at pasientbehandlinga som i dag skjer i desse bygga, ikkje vert negativt påverka.

Salet skal gjennomførast på den måten som gir størst avkastning. Dei frigjorte midlane skal nyttast til investeringar i varige verdiar, svarande til fast eigedom.

Møtet vart heva kl 1036

Oslo, 22. desember 2006

  
Morten Svendsberget

  
Oddvard Nilsen